

# Bustadsosial handlingsplan - høyring

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 010/2015**

### **Radøy eldreråd - 014/2015**

Kommunalsjef for helse og omsorg, Johan Sandal, presenterte planen. Etter og undervegs i presentasjonen kom det ei rekkje innspel.

*Oddmund Skjelvik:* Spør om samarbeid med Lindås når det gjeld deira målretta og systematiske arbeid, for å tilretteleggja eksisterande bustad.

*Oddmund Skjelvik:* Skeptisk til kjøp av bustad grunna vedlikehaldet som ofte vert saldert i budsjetta.

*Magnar Klausen:* Bør satsa på å leiga private, då desse vert tekne vare på.

*Berit Kvalvik:* Peika på at det ikkje alltid er lett å få innpass i private bustadar, og at ein bør kjøpa privat eigedom.

Det vart vidare ein debatt der ein vart einig om å koma med innspel til områdeplan (arealplan) for å sikra bustadpolitikken i det sentrale Manger, uavhengig av om det er privat eller offentleg utbygging.

*Leiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Liv Berith Rath:* Foreslo å kjøpa bustad med stor tomt, med tanke på deling og bygging.

Det vart ikkje røysta over forslaga, men råda ber om at dei vert tekne med vidare i prosessen.

### **RMNF - vedtak/ ELD - vedtak:**

Utkast til bustadsosial handlingsplan vert teke til orientering.